



Guatemalabesøk i 2009 - Carmen Cuj oig Valdemar Tsuruc saman med 2 russ (Foto: Magne Fitjar)

**Tysdag 3. september kjem 4 gjester frå vennskapskommunen San Lucas Toliman i Guatemala til Kvinnherad som deltakarar i eit lokalsamfunnsprogram der 6 barneskular samarbeider om miljø, skog og søppelhandtering.**

**Valen, Sunde og Undarheim er med i prosjektet, men i programmet også denne gongen er eit arrangement i Bøkkerverkstaden i Uskedalen. Det er om kvelden 5. september.**



Guatemalagjester vert servert lubbesild ved Bøkkerverkstaden under eit tidlegare besøk (Foto: Magne Fitjar)

Interesserte bør melde seg til kulturkontoret slik at dei der kan vita kor mange poter dei må koke til lubbesilda,

Gjestene er miljøkonsulent Diana de León og lærarane Irma Hernández, Eswin Buch og María deLeón.

Dei har framfor seg eit to vekers program, der dei m.a. skal delta i Søral-løpet 5. september og observera Stortingsvalet 9. september. I tillegg til å samarbeida om felles tema ved dei tre skulane, skal det òg blir tid til fisketur og altså ein kveld på Bøkkerverkstaden

Onsdag kveld 11.september blir det ope informasjonsmøte på Biblioteket på Husnes. I løpet avdei to vekene vil keramikar Hanne Lunder koma eit par dagar.

Ho er ein stor kjennar av landet, folket, keramikken og draktene, og hadde i 1999 keramikkutstilling i Galleri G Guddal, i tillegg til at rådhusfoajeen hadde utstilling av drakter Hanne hadde samla. Hanne har òg gitt ut praktboka Mitt Guatemala.

Venskap Kvinnherad -San Lucas Tolimán har gleda av å invitera interesserte til dei to offentlege arrangementa som blir organiserte under besøket

Av Magne Fitjar